



**Mattilsynet**

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

# Dyrevelferd – Roller og ansvar

Nordland Bondelag - leiarmøte 15.11.2017

Asle-Håvard Miklegard, fagrådgivar/spesialinspektør Mattilsynet region Nord  
Leiar av «Interregionalt fagforum Dyrevelferd» i Mattilsynet



# Kva er god god dyrevelferd?

- **Ikkje statisk – kva samfunnet aksepterer som god dyrevelferd er i stadig utvikling**
- Dyrevernlova 1935
- Dyrevernlova 1974
- Dyrevelferdslova 2009
- Stikkord:
  - Lausdrift
  - Mosjonskrav
  - Pelsdyr
  - Smertelindring etter inngrep
- Før – Dyrevern handla først og fremst om vern mot fysisk mishandling
- I dag: Også opptatt av å sikra at dyra vi har ansvar for, har akseptabel dyrevelferd

# Kva er god dyrevelferd?

## «Bambells fem friheter»

### 1. **Fridom frå svolt, tørste og feiernæring**

- Ved at dyra har fri tilgang på friskt vatn og ein diett som held oppe god helse og trivsel

### 2. **Fridom frå fysisk ubehag**

- ved at dyra blir haldne i egna levemiljø med komfortabel liggeplass og ly for vér og vind

### 3. **Fridom frå smerte, sjukdom og skade**

- ved forebygging, rask diagnostisering og behandling

### 4. **Fridom til å utøve normal åtferd**

- ved at dyra får nok plass i egna driftssystem og samvær med dyr av same art

### 5. **Fridom frå frykt og stress**

- ved at dyra blir haldne og behandla på ein slik måte at dei unngår varig frykt og stress

# Lov om dyrevelferd av 2009

§ 3 første punktum:

- *«Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker»*

# Lov om dyrevelferd av 2009

Dvl. § 3 andre punktum:

- ***«Dyr skal behandles god og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger»***

# Forskrifter

Siste ledd i dei fleste paragrafar:

*«Kongen kan gi nærmere forskrifter om....»*

- Forskrift om velferd for produksjonsdyr

Holdforskrifter:

- Forskrift om hold av storfe
- Forskrift om hold av svin
- Forskrift om velferd for småfe
- Forskrift om hold av høns og kalkun
- Forskrift om hestevelferd
- Pelsdyrforskrifta

Snart: Ny felles holdforskrift – felles del og kapittel for det som er spesielt for dyreslag

Andre viktige forskrifter:

- Forskrift om næringsmessig transport av dyr

# Ansvar

Kven er ansvarleg for god dyrevelferd?

**DU!**

# Lov om dyrevelferd

...og forskriftene

- er minimumskrav....
- Ikkje mål ein skal strekke seg etter
- Dyra skal heile tida ha eit liv som oppfyller dyrevelferdslova



# Kva for rolle har Mattilsynet?

Dvl. § 30

*«Mattilsynet fører tilsyn og kan fatte nødvendige enkeltvedtak for å oppnå etterlevelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven»*

# Mattilsynet fører tilsyn....

- Rutinetilsyn
- Tilsynskampanjar
  - Kalveoppstalling (2016), mjølkekyr i båsfjøs (2019)
- Oppfølging risikodyrehald
- Bekymringsmeldingar

# Ikkje-varsla

FOR-2008-12-22-1621 om offentlig kontroll med etterlevelse av regelverk om fôrvarer, næringsmidler og helse og velferd gis dyr (Kontrollforordninga)

- Artikkel 3.2:
- **Offentlig kontroll skal foretas uten forhåndsvarsel**, unntatt i tilfeller som for eksempel revisjon der det er nødvendig å gi den driftsansvarlige for fôr- eller næringsmiddelforetaket melding på forhånd
- Ikkje for å vere vanskeleg – vi er forplikta til ikkje-melde tilsyn
- Likevel praktiske tillempingar:
  - Er det lang reiseveg, tar vi gjerne kontakt før vi kjører ut for å sikre at nokon er heime
  - Ca 30-50 % av tilsyna uvarsla (svin-sau-storfe)

# Rolle/ansvarsfordeling

- **Du/dyreeigar** er ansvarleg for at dyra til ei kvar tid har det bra
- **Mattilsynet** fører tilsyn
  - og har ei verktøykasse for å tvinge deg dersom du ikkje følger opp ansvaret ditt

# ....nødvendige enkeltvedtak for å oppnå etterlevelse....

- «**Mattilsynet fører tilsyn og kan fatte nødvendige enkeltvedtak for å oppnå etterlevelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven**»
- Vil seie at Mattilsynet kan fatte alle dei vedtak som er **nødvendige**
- I prinsippet kva som helst, dersom det er nødvendig for å sikre at dyra har det bra
  - (sikre at dvl/haldforskrifter blir etterlevde)
- Dess meir «sært» eit pålegg er, dess større krav til grunngjeving

# Verkemiddel

- «Påpeiking av plikt»
- Vedtak

For å presse gjennom at eit vedtak blir etterlevd:

- Tvangsmulkt

# Spesielle verkemiddel

## Overtredelsesgebyr (dvl. § 34)

- *«Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan ilegges et overtredelsesgebyr av tilsynsmyndigheten».*
- Ikkje straff, men kan minne om straff
  - Kan på sett og vis samanliknast med «forenkla forelegg» når ein kjører for fort
- Blir gitt i alvorlege saker – men der straffereaksjonen ved ei sak for retten ikkje ville gitt fengsel (betinga eller ubetinga)
- For verksemder i intervallet 7R – 15G (7343,- til kr 1.404.510,-)
- I produksjonsdyrehald vil gebyret gjerne ligge på 20R (= kr 20.980,-)
  - *«Dersom handlingen eller unnlatelsen har påført stor og unødig påkjenning for dyr, men uten at forholdene blir anmeldt» (fra retningslinjene)*

## Aktivitetsforbud (dvl. § 33)

- *«Den som unnlater å etterkomme vesentlige pålegg eller grovt eller gjentatte ganger overtrer bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan av Mattilsynet illegges nødvendige forbud mot aktiviteter omfattet av denne loven. Forbudet kan gjelde alle eller noen arter, en eller flere aktiviteter, for en viss periode eller inntil videre.»*
- **Utelukkende av omsyn til dyra – for å hindre framtidig liding**
- Inga straff!
  - tilsynshistorikken er interessant berre i den grad han gjer det sannsynleg at det vil skje nye brott på evl. dersom dyreholdet held fram



# Bekymringsmeldingar

Region Nord 2016:

- 1071 bekymringsmeldinger som gjaldt dyrevelferd
- Ca 200 av desse gjaldt storfe eller sau

# Akutte dyretragediar

«Saker der det er registrert alvorlig vanskjøtsel av dyr»

- *«Tilfeller der flere dyr er døde eller må avlives på grunn av manglende fôring, vanntilgang og stell»*
- I 2016 (i heile Kongeriket):
  - 18 sau
  - 17 storfe
  - 9 svin
- Avgjerande at vi kjem til FØR dyretragedien er eit faktum!

# Du har plikt til å varsle....

## Dvl. § 5 første ledd:

- «Enhver som har grunn til å tro at dyr blir utsatt for mishandling eller alvorlig svikt vedrørende miljø, tilsyn og stell skal snarest mulig varsle Mattilsynet eller Politiet.»
- Som nabo eller kollga vil du gjerne vere blant dei første til å fange opp at det går utfor bakke
- Viktig at ei melding inneheld nok opplysningar til at MT kan vurdere og skjønne at det er alvorleg
- Du kan melde anonymt, men ei melding frå ein bekymra bondekollega vil alltid bli tatt alvorleg – dei veit kva dei snakkar om!
- Du er ikkje «angivar» om du melder bekymring!
  - Du hjelper dyra – og naboen!

» Slik reiser du med  
kjæledyr

» Reptilene som er  
lovlige fra 15.  
august

» Informasjon til  
jegere om  
skrantesjuka (CWD)



### Mat og vann

- Matservering
- Vann
- Merking av mat



### Kjæledyr

- Slik reiser du med kjæledyr
- Innførsel av hund, katt og ilder til Norge
- Stell av kjæledyr



### Dyr og dyrehold

- Dyrehelse
- Produksjonsdyr
- Dyrevelferd



### Fisk og akvakultur

- Fiskehelse
- Akvakultur
- Fiskevelferd



### Planter og dyrking

- Plantevernmidler
- Import av planter mm.
- Planteskadegjørere



### Kosmetikk

- Stoffer i kosmetikk
- Kosmetiske produkter
- Importører og produsenter av kosmetikk må melde seg

# «Kroniske dyretragediar»

...kanskje vel så alvorleg som dei akutte...

- Når dyr over lang tid blir påført alvorlege påkjenningar utan at det bikkar over til det punktet at dei dør/akutt tragedie
  - Manglande fôring / magre dyr
  - Manglande tilsyn/stell
    - Behandling sjuke dyr, parasittbehandling, klauvstell etc.
  - Manglande tilgang på tilhaldsrom /tørr og trekkfri liggeplass
  
  - Ofte mange forhold samtidig

Dårleg dyrevelferd – men ikkje over terskelen til at MT har pålagt avvikling

**«RISIKODYREHALD»**

# Oppfølging av risikodyrehold – hovudfokus for MT framover

## Frå «utkast plan operativt tilsyn 2018»:

- *Risikodyrehold skal identifiseres og følges opp med mål om varig bedring eller avvikling innen forsvarlig tid.*
- *Alle dyrehold som har fått vedtak om mangler ved fôring, tilsyn, og/eller stell to ganger eller mer i løpet av et år skal regnes som risikodyrehold*
- *Det skal settes opp en tidslinje over all kontakt regionen har hatt med slike dyrehold*
- *Det skal etableres en plan for varig bedring eller avvikling av dyreholdet innen en fastsatt frist*

# Det er ingen menneskerett å ha dyr!

...men dyra har rett på eit minimum av velferd

- Har du ikkje evne eller vilje til å gje dyra dine eit minimum av dyrevelferd (definert i dvl. og haldforskrifter) er ikkje dyreholdet ditt liv laga!
- Dei kroniske dyretragediane skal løftast opp til akseptabel dyrevelferd
  - eller så skal dei avviklast!

# Oppsummering

## Kven har ansvar for god dyrevelferd?

- Dyrevelferd er meir enn vern mot mishandling
- Dyrevelferdslova/haldforskrifter er minimumskrav
- **DU** er som dyreeigar ansvarleg for at dyra dine har god velferd – heile tida!
- **DU** er som nabo og kollega ansvarleg for å varsle dersom du ser at dyr har det ille
- **Mattilsynet** fører tilsyn og kan fatte nødvendige vedtak for å sikre at dyreholdet oppfyller minimumskrava